
Saksnr: 2021/1758-60
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 25.05.2021 |

Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv. Fordeling våren 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 575 000 kr fordelt slik:

| Søklar | Prosjektnamn | Tilrådd sum |
|--|--|-------------|
| ASKVOLL KOMMUNE | Dalsfjordveka | 15 000 |
| Bjergvin marknad | Bjergvin middelalder marknad | 20 000 |
| DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND | Rekruttraket | 25 000 |
| EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG | Feriespel 2021 | 25 000 |
| EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG | Overtaking av Hordaland Ungdomsbrassband (HUBB) | 35 000 |
| Fjordabaatane | Markedsføring av Fjordabåthelg | 15 000 |
| LINDÅS SOGELAG | Forprosjekt Festo Postmuseum (del av Strilamuseet) | 40 000 |
| Memoar | Regional database for munnleg historie | 50 000 |
| NFU Sogn og Fjordane | Kulturfestivalen 2021, Førde | 30 000 |
| NFU VESTLAND FYLKESLAG | Kultursamling 2021 | 30 000 |
| NordAccordion | NordAccordion 2021 | 30 000 |
| NORSKE SYMFONI- ORKESTRES LANDSFORBUND | Vestlandsk Sommarsymfoni 2021 | 15 000 |
| Ole Bull Kammerkor | Vestlandsturné juni 2021 | 15 000 |
| Radio Tamil Bergen | Informasjonsinnsamling om historien til innvandrere frivilligarbeidere i Bergen | 15 000 |
| SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG | Mokurset | 35 000 |
| Sogn og Fjordane Symfoniorkester | SOFORK i Vestland fylke | 50 000 |
| SOMMERSTRYK | Sommerstryk 2021 | 10 000 |
| STIFTELSEN D/S STORD I | D/S Stord I - formidlingsopplegg | 35 000 |

| | | |
|------------------------|---|----------------|
| Stiftinga Bergsliminne | Presentasjonsfilm om kunstnarbrøerne Knud og Brynjulf Bergslien | 20 000 |
| TEATER VESTLAND AS | Amatørteaterverksemd | 50 000 |
| PÅ DANS i Nordhordland | PÅ DANS i Norhordland, danseband og spelemenn 1950 - 2000 | 15 000 |
| | Sum | 575 000 |

Følgjande søknader blir ikkje innvilga:

| Søklar | Prosjektnamn | Tilråding |
|-------------------------------------|--|-----------|
| AL-NOOR ISLAMSK KULTURSENTER I SOGN | Sognid | 0 |
| Bergen Brandkorps Historielag | Restaurering av veteranbrannbiler | 0 |
| BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER | Teatergruppe for barn | 0 |
| BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER | Familielørdag | 0 |
| DEN GRØNE RIDDAR 4H | Bli kjent med Dalsfjorden | 0 |
| DET MIDTHORDLANDSKE | Familie turer med MS Midthordland til Engevik Gård, Mandelhuset, Tysse Handelstad feks | 0 |
| DS HESTMANDENS VENNER | Hestmanden Tokt 2021 | 0 |
| Fjordabaatane | Innkjøp av infoskjermer på 7 fjordabåter. | 0 |
| Fjærland Ungdomslag | Fjærland Scene | 0 |
| FOTLANDSVÅG MUSIKKLAG | KRAFT! Vandreteater på Herlandsfoss Kraftverk | 0 |
| Holkerock | Holkerock 2021 | 0 |
| IPX | IPX LAN | 0 |
| Kunstvandring Voss | Kunst og kulturvandring | 0 |
| MELAND MUSIKKLAG | Musikkhallen på Holme | 0 |
| RADIO TAMIL / THEN TAMIL OSAI | Tilskudd for E-Avis (Måneds avis). | 0 |
| SIMBA ARTS | Dance in Mind | 0 |
| SVANØY FOLKEAKADEMI | Sølgangsfunk og Buskspel | 0 |
| TORKJELL LUNDE BØRSHEIM | Husmannstovetreff: Utandørskonsert i Kvemmadokkje husmannsplass. | 0 |
| UNG I KOR - VEST | Seminar - Ervesong | 0 |
| Voss Jazzskule | Spill Jazz! | 0 |
| VÅGSØY RC LASTEBIL | Prosjekt utbygging kjørebane 1 etasje | 0 |
| Russerevy, Stord vgs. | Russe revy | 0 |
| Musikkfestival Frekhaug | Utvikling av musikkfestival på Frekhaug | 0 |

Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke 45 søknader om tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv våren 2021. Søknadsfristen var 1. mars og det er søkt om i alt 2 258 200 kr i tilskot. Det er avgrensa midlar til disposisjon i ordninga, noko som har gjort det nødvendig å prioritere mellom tiltaka. Fylkesdirektøren tilrår at det blir løyvd 575 000 kr til i alt 21 prosjekt eller tiltak. Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket. Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå posten Stønad etter vedtak.

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknader våren 2021 - prosjekt og tiltak, frivillig kulturliv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune lyste ut tilskotsordninga tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv med søknadsfrist 1. mars. I 2021 er det sett av totalt 4 210 000 kroner i budsjettposten Stønad etter vedtak. Midlane skal fordelast mellom to tilskotsordningar for prosjekt og tiltak, ein til profesjonell kunst og kultur og ein til frivillig kulturliv, basert på total søknadsmengd og søknadssummar. Tilskotsordningane er lyst ut med to søknadsfristar i året, ein i mars og ein i september.

Det kom inn 45 søknader og er søkt om i alt 2 258 200 kr i tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv våren 2021. Fylkesrådmannen tilrår at det blir løyvd i alt 575 000 kr til i alt 21 prosjekt eller tiltak.

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til aktivitet og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og stimulere til nettverk og samarbeid.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

Ordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillige kulturfeltet/amatørkulturfeltet i Vestland fylke og prosjektet eller tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføremål. Organisasjonar / institusjonar som tek imot driftsstøtte frå VLFK kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021: Totalt 4 210 000 kr

Søknadsfristar 2021: 1. mars og 1. september 2021

Vedtak kriteria: [KULII 21. januar 2020](#)

Kriteria og informasjon om ordninga: [Nettsida vestlandfylke.no](https://www.vestlandfylke.no)

Vår 2021

| | |
|--|--------------|
| Tal på søknadar: | 45 |
| Tal på søknadar som vart tildelt støtte: | 21 |
| Samla søknadssum: | 2 258 000 kr |
| Samla løyving: | 575 000 kr |

Midlar att til fordeling haust 2020: I underkant av 2 000 000 kr til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur og frivillig kulturliv

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Det er god breidde i søknadene til tilskotsordninga denne våren. Ved fleire av tiltaka har søkjarane skildra at dei vil ta omsyn til smittesituasjonen som følgje av covid19-pandemien. Ein av søknad er trekt som følgje av situasjonen. Det er framleis mykje uvisse rundt korleis ein kan og bør innrette planlagde prosjekt og tiltak utover året. Alle tilsegn vert gitt med føresetnad om at prosjektet eller tiltaket vert gjennomført.

I følgje retningslinjene skal løyvingane i hovudsak ligge på mellom 10 000 og 100 000 kroner. For større prosjekt kan det vere aktuelt å søkje om støtte frå Kulturelt utviklingsprogram (KUP).

Absolutte kriteria

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle dei tre absolutte kriteria for å kunne verte tilrådd støtte:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.

- Tiltaket skal støtte ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og/eller verdi.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar
- Innspeing og utgjeving av litteratur, film og musikk. (Unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi).
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald o.l.

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som er oppfylte, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Vurderingskriteria

Søknadene er vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- a) Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde
- b) Dokumentasjon av kulturhistorie
- c) Samarbeid og nettverk
- d) At tiltaket eller prosjektet er utadretta og ope
- e) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- f) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- g) Støtte og forankring i heimkommunar og evt. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbaserte, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til geografi og sjanger i den samla vurderinga.

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi - geografisk og/eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i grunngjevinga (sjå vedlegg). Dei individuelle grunngjevingane må bli sett som moment i ei heilskapleg vurdering opp imot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Dei fleste av søkjarane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Støtte og forankring i heimkommune (-ar) er eit av vurderingskriteria for denne ordninga. Fylkeskommunal støtte skal forsterke det kommunale engasjementet i tiltak som har regional verdi, ikkje vere ei erstatning for manglande kommunalt kulturansvar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett, i posten Stønad etter vedtak. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har stort klimaavtrykk.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023) viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhøyrsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har relevante mål og strategiar som kan knytast mot tilskotsordninga, m.a.

- mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping
- strategi 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at 575 000 kr vert fordelt som tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv slik det er lagt fram i vedtaket. Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad.